

## Kommuneplan 2016 - 2025

Planprogram, vedtatt 22. juni 2015 i Vaksdal kommunestyre



Høringsperiode 17. februar - 3. april 2015

# Forslag til planprogram for revisjon av kommuneplanen

## Føreord

Gjeldande samfunnsdel til kommuneplan for Vaksdal kommune vart vedteken i 2005 og gjeld kommuneplanperioden 2005 – 2015. Mykje har skjedd i Vaksdal sidan 2005 og ei rullering av kommuneplanen er både nødvendig og ønskjeleg. Dette er også klart uttrykt i kommunen sin planstrategi vedtatt i kommunestyret i 2012.

Det er liten tvil om at Vaksdal kommune står framfor ein svært spanande periode når det gjeld utviklinga av lokalsamfunnet vårt, både med tanke på folketalsutvikling, næringsutvikling, folkehelse, og ikkje minst, samferdsle og infrastruktur. Dei statlege planane for ny E16/jernbane frå Arna til Voss stiller Vaksdal kommune særlege utfordringar og potensiale for utvikling på mange sektorområde. Den pågåande debatten og prosessen i samband med alternative løysingar for kommunestrukturar vil også påverke planarbeidet. Kommunen har også gjennomført overordna ROS-analysar hausten 2014, og denne viser at ei av kommunen sine største utfordringar og påkjenningar er trafikkulykker.

Denne revisjonen av kommuneplanen vil freiste dimensjonere for særlege utfordringar og utviklinga for kommunen, og vil omfatte både samfunnsdelen og arealdelen.

Frå gjeldande kommuneplan er det tema som fortsatt «står godt». Desse vil verte vidareført i komande plan. For nokre tema er det nyleg utarbeid, eller under arbeid, kommunedelplan eller temaplan. Desse fagområda vil ikkje verte handsama i samband med denne revisjonen av kommuneplanen. Dette er eksempelvis kommunedelplan for oppvekst, helse og omsorg og kulturminneplan.

Dette forslaget til planprogram er vedteke i Vaksdal formannskap 16. februar 2015. Høyringsperiode er 6 veker. Merknader til planprogrammet må vere sendt kommunen innan 3. april 2015.

## Revisjon/ending i planprogram

Forslag til planprogram skal etter vedtak i kommunestyret til offentleg høring. Etter høyringsperioden skal merknader innarbeidast før endeleg planprogram skal vedtakast av kommunestyret.

Revisjon	Dato	Vedtak	Merknader:
Rev 00	Feb. 2015	Offentleg høring	
Rev01	Mai 2015	Til politisk handsaming	Grunnlag for rullering av kommuneplan

# Høyringsutkast

---

## Innhold

Føreord.....	2
Revisjon/ending i planprogram.....	2
1. Innleiing.....	5
1.1 Bakgrunn .....	5
1.2 Føremål med planarbeidet.....	5
1.3 Kvifor rullering? – forholdet til eksisterande kommuneplan .....	5
2. Bakgrunn for revisjon av kommuneplanen – formelle krav.....	7
2.1 Føremål med planprogram.....	7
2.2 Vedtak.....	8
2.3 Medverknad .....	9
2.4 Organisering .....	9
2.4.1 Politisk .....	9
2.4.2 Administrativt.....	9
3. Sentrale, regionale og lokale føringar for kommuneplanarbeidet.....	10
3.1 Nasjonale forventningar.....	10
3.2 Regionale føringar .....	11
3.3 Eigne planar - parallelle prosessar/planarbeid.....	11
3.4 Særskilde utfordringar.....	12
3.4.1 Samferdsle.....	12
3.4.2 Folketalsutvikling.....	12
3.4.3 Samfunnsutvikling som heilheit og samanhengen til visjonen «bynært bygdlev» .....	13
3.4.4 Framtidig kommunestruktur .....	15
3.4.5 Økonomi .....	15
4 Kommuneplanen – prioriterte plantema i komande planperiode .....	16
Arealstrategi .....	16
Tema 1 Folketalsutvikling .....	17
Tema 2 Bustadutvikling .....	17
Tema 3 Næringsutvikling.....	17
Tema 4 Samferdsle .....	18
Predisering og avgrensing.....	19
Usikkerheit.....	20
5 Utgreiingsbehov .....	21
Konsekvensutgreiingar .....	21

## Høringsutkast

---

6. Framdrift, milepælplan.....	23
7. Adresseliste og kunngjering .....	24
8. Vedlegg.....	26
Verdivurdering og konsekvensutgreiing av nye tiltak i kommuneplanen.....	27
Sjekkliste for nye tiltak i kommuneplanen 2015-2026.....	29

## 1. Innleiing

### 1.1 Bakgrunn

Ved fornying av Plan- og bygningslova i 2008 blei det understreka i § 11-1 at «kommuneplanen omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel».

Vaksdal sin gjeldande kommuneplan vart vedteken i 2005 og gjeld kommuneplanperioden 2005 – 2015. Arealdelen til planen for same periode vart endeleg vedteken i 2007. I planstrategien for inneverande valperiode var rullering av samfunnsdelen av kommuneplanen førsteprioritet, tett fylgt av rullering av arealdelen.

Føremålet med planarbeidet og planen er å definere mål og retning for ei langsiktig og berekraftig utvikling av Vaksdal kommune. Arbeidet vil peike på sterke sider og forbedringspotensiale for å vidareutvikle det gode lokalsamfunnet med visjonen «bynært bygdeliv». Mange av tema og arealdisponeringane i gjeldande kommuneplan står seg godt enno, mens nokre tema har behov for fornying. Dette forslaget til planprogram vil gjere greie for dei utfordringane kommunen må førebu seg på gjennom planprosess til ferdig rullert kommuneplan. Dei tema frå gjeldande plan som enno står seg godt og er følgt opp med kommunedelplan eller temaplan (ferdig eller under arbeid), vert føreslått vidareført utan endring i denne omgang.

Framlegget til planprogram føreslår rullering av samfunnsdelen og arealdelen i ein parallell prosess. Arealdelen vil bygge på dei føringar som vert lagt til grunn i samfunnsdelen.

Gjennom arbeidet med planprogrammet er det freista å meisle ut alternative utviklingsområde og mogelege konsekvensar som skal vurderast og utgreiast, og kvifor det eventuelt er viktige tema.

### 1.2 Føremål med planarbeidet

Vaksdal skal ha ei framtidsetta planportefølje ankra i samfunnsutviklinga og basert på innbyggjarane sine behov. Kommunen sine alternative utviklingsområde skal fylgjast opp gjennom planarbeid, konsekvensutgreiingar og prioriteringar. ». Strategiar som vert utarbeidd for kommuneplanen sin samfunnsdel vil danne grunnlag for arealstrategi for endringar i arealdelen.

### 1.3 Kvifor rullering? – forholdet til eksisterande kommuneplan

Dei delane av kommuneplanen som forsett står seg godt er ikkje nødvendig å rullere, men kan vidareførast i ny plan. Fleire av tema i kommuneplanen er dei siste åra følgt opp med kommunedelplanar eller temaplanar, og treng difor ikkje no løftast særskilt i dette planarbeidet. Andre tema har trong for særskild løft, og vil vere med i planarbeidet. Dette planprogrammet gjer greie for utvalet av tema som er vald, og syner at folketalsutviklinga i regionen går mot ein historisk vekst. Samstundes må kommunen også førebu seg på ei mogeleg formidabel nasjonal satsing på samferdsle i korridoren aust-vest. Dette gjer det nødvendig å starte planarbeid for folketalsauke med fokus på busetnad, næring og samferdsle. Kommunen si ROS-analyse peiker også på alvorlege

## Høyringsutkast

---

trafikkulykker som den hendinga med største risiko/belastning basert på forholdet mellom sannsynlegheit og konsekvens, og difor prioritert.

Tenesteområda oppvekst har nyleg utarbeidd og vedtatt kommunedelplan. Tema vert difor ikkje foreslått rullert i denne omgang.

Tenesteområde helse/omsorg er i gang med kommunedelplan. Tema vert difor utgreidd i eige plan, og vert difor ikkje foreslått rullert i denne omgang.

Kommunen har eigen klimaplan, og vert ikkje vurdert som særskild tema i denne planen, men som ein naturleg del av all planlegging og konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

Framtidig kommunestruktur er ei av dei viktigaste sakene som kommunen må avklare dei næraste åra. Dette arbeidet er i gang, og inneber at arbeidet med rullering av kommuneplanen må vere tilstrekkeleg fleksibelt, robust og dimensjonert til å ivareta dei endringane som vil framkome. Tilpassing av både planprogram og utarbeiding av kommuneplan (både samfunnsdel og arealdel) kan verte nødvendig undervegs.

## 2. Bakgrunn for revisjon av kommuneplanen – formelle krav

### 2.1 Føremål med planprogram

I medhald av plan- og bygningslova, jf. §§ 3-3 og 11-1 skal kommunen legge til rette for utvikling og ei samordna oppgåveløysing gjennom forvaltning av areala og naturressursane i kommunen.

Kommunen skal ha ein kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsplan og ein arealdel. Føremålet med kommuneplanen er å få til ein heilskapleg og strategisk plan som skal løysa kommunen sin framtidige utfordringar, i takt med den forventa samfunnsutviklinga dei komande åra.

*«Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.»*


*Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.»*

*«Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene.»*

I fylgje plan- og bygningslova, jf. §§ 4-1 og 11-3 skal det utarbeidast planprogram for alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Planprogrammet skal gjera nærmare greie for føremålet med planarbeidet, ta for seg planprosessen med fristar og deltakarar, samt opplegg for medverknad. Programmet skal synleggjere tema som bør utgreiast spesielt og skal vera styrande for arbeidet og innhaldet i heile kommuneplanen.


Forslag til planprogram skal sendast på høyring i minimum seks veker, samstundes med kunngjering om oppstart av kommuneplanen.



Figur 1: Kommuneplansprosessen. Frå Miljøverndepartementet (2012) sin rettleiar.

## 2.2 Vedtak

I den kommunale planstrategien 2012 for Vaksdal kommune har kommunestyret vedteke at kommuneplanen sin samfunnsdel skal rullerast, samt rullering av tilhøyrande arealdel med omsyn til busetnad i indre strøk av kommunen, næringsareal og bustadareal nær Bergen.



Figur 2

I kommunen sin planstrategi er folketalsutvikling og demografisk samansetjing omtalt som ei hovudutfordring, saman med å etablere optimale interkommunale samarbeidsprosessar. Folkehelsearbeid skal styrkjast og nærings- og bustadutvikling skal ha rammer til utvikling. I tillegg skal fleire deltema lyssetjast i eigne planar.

Tabell 1 Oversyn over behov for nye planar - frå kommunal planstrategi 2012

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel
Rullering av kommuneplanen sin arealdel med omsyn til busetnad i indre strøk av kommunen, næringsareal og bustadareal nær Bergen
Kommunedelplan oppvekst
Kommunedelplan folkehelse
Kommunedelplan helse- og omsorg
IFK- plan
Strategisk næringsplan
Trafikksikringsplan
Natur, kulturmiljø og landskap
Vaksdal kommune som kraftkommune
Avlaupsplan
Marknadsføringsplan
Kystsonoplan
Rassikringsplan



## 2.3 Medverknad

Eit viktig formål med ny samfunnsdel, er at den skal vere eit fundament for samarbeid med andre samfunnsaktørar om samfunnsutvikling. Prosessen fram mot ny plan skal vere open for alle som ønskjer å bidra aktivt. Arbeidet med ulike tema må leggjast opp på en slik måte at ulike samfunnsaktørar får høve til medverknad og opplever at deira bidrag er viktig.

Det skal leggjast til rette for fortløpande innspel og deltaking i prosessen. Brei involvering og samfunnsdebatt gjennom møteverksemd og kommunen sine heimesider er viktige arenaer, samtidig som kommuneorganisasjonen arbeider internt med faglege utfordringar. I samband med planprogrammet vil medverking først og fremst bli gjennom formell høyring. Planoppstart vil verte varsla gjennom lokalaviser, på kommunen sine heimesider og i servicetorget i Heradshuset.

Det skal leggjast til rette for at det undervegs i prosessen blir oppretta referansegrupper som kan kome med innspel til planarbeidet. Referansegruppene kan omfatte lag og foreiningar og organisasjonar. Barneombod, ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne kan vere del av referansegruppene. Kundetorget og nettsidene vil vere naturlege kommunikasjonskanalar for informasjon og innspel.

Det skal leggjast til rette for at sivilsamfunnet aktivt kan delta i prosessen. Dette er særleg viktig med tanke på identitetsbygging og lokal forankring av planen. Kommunen har eit særleg ansvar for at born og unge og deira vilkår får ein plass i planarbeidet, jf. pbl. § 5-1 andre ledd.

Lokalpressa vil verte invitert inn til alle arrangement både for å kunne gje førehandsomtale og for å dekkje prosessen. Folkemøte, eventuelle innbyggjarundersøkingar og høyringsrundar vil verte annonsert.

Kommuneplanen ligg til grunn også for statlege og regionale myndigheiter si verksemd i kommunen og tett kontakt med regionale myndigheiter vil derfor vere viktig. Forslag til planprogrammet og seinare utkast til kommuneplan skal føreleggast fori Regionalt planforum og ev. retta opp etter innspela.

## 2.4 Organisering

### 2.4.1 Politisk

I Vaksdal kommune sitt delegeringsreglement vedtatt 16.12.2013 er det kommunestyret som har ansvar for planstrategi, planprogram og kommuneplan. Kommunestyret er eigar av planen og har ansvar for den formelle handsaminga. Formannskap er planutval/politisk styringsgruppe.

### 2.4.2 Administrativt

Rådmannen skal sikre framdrift og har ansvaret for sentrale og overordna avgjersler i prosessen.

Prosjektgruppa er tverrfagleg samansett og blir leia av intern prosjektleiar. Gruppa har fagleg ansvar for utgreiningar og utarbeiding av planforslag for rådmannen. Gruppa skal sikre nødvendig fagleg kompetanse og medverknad i prosessane, og levere innspel til planen.

Samfunnsplanen skal være grunnlag for dei ulike sektorane sine planar og virke og gje retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast. Arbeidet med planen vil

derfor vere ein viktig arena for samordning mellom dei enkelte sektorane sine utfordringar og prioritering.

## 3. Sentrale, regionale og lokale føringar for kommuneplanarbeidet

### 3.1 Nasjonale forventningar

I tillegg til plan- og bygningslova, er det fleire viktige lover som påverkar innhaldet i kommuneplanen, til dømes Folkehelselova 2011 (Lov om folkehelsearbeid), Naturmangfaldslova (Lov om forvaltning av naturens mangfald 2009), Diskriminerings og tilgjengelova (2007) og Kulturminnelova (Lov om og kulturminnelova 1978).

I medhald av plan- og bygningslova, skal staten kvart fjerde år utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar. Desse forventningane skal følgjast opp både i regional og kommunal planlegging.

Følgjande tema er trekt fram av regjeringa i 2011:

- Klima- og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø



Figur 3: Samanhengen mellom nasjonale forventningar og kommunen sitt planarbeid

Andre nasjonale føringar som må ligge til grunn for planprosessar på kommunalt nivå er:

- Rundskriv T-2/08 Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Retningslinje T-1442 Støy i arealplanlegging
- Rundskriv T-5/97 om arealplanlegging og utbygging i fareområder
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen. (25.03.2011)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (26.09.2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

## 3.2 Regionale føringar

Hordaland fylkeskommune har i sin planstrategi for perioden 2012 – 2016 vald å satsa på fylgjande tema.

- Kompetanse og arbeidskraft
- Landskap, grønstruktur, og regionalt viktige friluftsområde
- Regional plan for ferjefri E39 Aksdal-Bergen
- Utviklingsplan for indre Hordaland
- Klimaplanen - del-rullering med hovedvekt på energi og klimatilpassing
- Kystsoneplanen - rullering vert vurdert når Sunnhordlandsplanen er ferdig

Hordaland fylkeskommune har i tillegg ei rekke regionale planar som kan ha verknad på planarbeidet i Vaksdal:

- Klimaplan for Hordaland
- Regional transportplan for Hordaland 2013 -2024
- Regional næringsplan 2013 – 2017
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel
- Regional kulturplan 2014- 2024
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
- Regional plan for senterstruktur og lokalisering av service og handel
- Regional næringsplan
- Regional plan for folkehelsearbeid

## 3.3 Eigne planar - parallelle prosessar/planarbeid

Kommunen vil alltid ha gjeldande planar, prosjekt og prosesser som er relevant for arbeidet med kommunens samfunnsdel. I dette arbeidet er det eit mål å kople det som er viktigast i dei ulike planane for å belyse og drøfte langsiktig utvikling. Samtidig skal drøftingar knytt til samfunnsdelen gi innspel og bidrag tilbake til dei ulike prosjekta og planprosessane. Dei mest sentrale er;

Plantittel	Tidsperiode	Vedtaksdato
Kommuneplanen Strategidel	2005 – 2015	13.06.2005
Kommuneplanen Arealdel	2006 – 2016	19.02.2007
Kommunedelplan oppvekst	Mot 2020	17.06.2013
Kommunedelplan for helse og omsorg	2015-2024	Planprogram vedtekes 2014
Økonomiplan	2015 - 2018	15.12.2014
Trafikksikringsplan	2009 – 2013	22.03.2010
Energi og klimaplan	2011 - 2015	26.09.2011
Strategisk næringsplan	2008 - 2012	2008

## Høyringsutkast

<b>Bustadpolitisk strategiplan</b>	2010 - 2015	08.02.2010
<b>Ungdomsplan</b>	2009 - 2019	Vedteken
<b>Plan for Kulturminnevern</b>		Høyring jan-feb 2015
<b>Plan for Rehabiliteringsarbeidet i Vaksdal kommune</b>	2012 – 2016	Vedteken
<b>Temaplan kultur</b>	2015-2024	Under arbeid

Lista over er ikkje uttømande.

### 3.4 Særskilde utfordringar

#### 3.4.1 Samferdsle

I april 2014 la Statens vegvesen (SVV) og Jernbaneverket (JBV) fram ei konseptvalutgreiing (KVU) for strekninga Voss-Arna. I denne utgreiinga tilrår dei to transportetatane ei omfattande satsing og utbygging av både E16 og jernbane. Desse transportårene vil ha trase gjennom sentrale deler av kommunen.


KVU er eit tidlegfase-/strategisk planleggingsdokument. Det er svært viktig at kommuneplanen dimensjonerer for denne utviklinga og signal/utfordringar dette gjev. Det er samstundes viktig å ha ei reell forståing av plannivået for eit slikt dokument og dimensjonere omfang av prosessar rett. KVU-dokumentet peikar på ei stor utfordring i massehandtering, som kan handle om overskotsmassar i omfang 30 mill. kubikkmeter. Det er trong for snarleg utgreiing av dette, også fordi det vil ha nær samanheng og vere styrande for utvikling av kommunen langs ny og eksisterande transportinfrastruktur. Visjonen *bynært bygdeliv* kan vere grunnlag for å utvikle scenarier og ulike strategiar for moglegheitene som følgjer ei «livsnerve» som ny E16/jernbane inneber.

Samstundes vil eksisterande trase for E16 vere ei tungt trafikkert gjennomfartsåre for kommunen i mange år enno. Kommunen si ROS-analyse gjennomført hausten 2014 viser at alvorlege trafikkulykker er den hendinga som samla sett er den største belastninga for kommunen. Det er difor nødvendig å prioritere arbeidet med trafikktryggleik.

#### 3.4.2 Folketalsutvikling

Hordaland fylkeskommunen er tydeleg i signala om at Vaksdal kommune må forvente å ta sin del av den historiske folketalsveksten som er forventa i regionen. Tabellen under syner Hordaland fylkeskommune (Hfk/AUD) og SSB sine forventningar, fordelt på dei ulike krinsane i kommunen.

# Høyringsutkast



Kjelde; AUD-rapport 4.3-11, Hfk 2011

Det syner ein folketalsauke på om lag 500 personar frå no til år 2040, og det er områda rundt Vaksdal, Stanghelle og Dale som i hovudsak må dimensjonerast for denne veksten. I desse tala er det ikkje tatt høgde for ny E16/jernbane. Ut frå dette vil ein kunne anta at potensialet for vekst kan vere monaleg større.

### 3.4.3 Samfunnsutvikling som heilheit og samanhengen til visjonen «bynært bygdeliv»

I 2013 var det gjennomført ei prosess for å utarbeide strategisk plan for samfunnsutvikling med føremål å vere grunnlag for rullering av strategisk plan for næringsutvikling. Rapporten frå dette arbeidet, oppsummeringa av arbeidsprosessen og anbefalingar for innhald i planen, peikar på fleire forhold for samfunnsutviklinga i kommunen som bør prioriterast. Mellom anna syner den at samanhengen mellom næringsutvikling, bustadutvikling og samferdsle (mellom anna visjonen om bynært bygdeliv) har nær samheng. I komande kommuneplanprosess er det ynskjeleg å halde desse tema tett knytt.


Rapporten peiker også på behovet for at Vaksdal må finne si rolle som del av ein region, og styrkje samarbeid både internt og mot omkringliggjande aktørar, som nabokommunar, regionale næringslivsorganisasjonar, kunnskapsinstitusjonar, statlege organisasjonar som Innovasjon Norge og Husbanken eller fylkeskommunen på plan- og verkemiddelsida. Den peiker også på behovet for at kommunen strategisk tilpassar seg til nasjonale og regionale endringsprosessar og fokusområder. Blant anna har SSB og Hordaland fylkeskommune utarbeidd folketalsutvikling som syner at Bergensregionen vil oppleve ei historisk vekst for folketal, noko som også inneber at Vaksdal må forvente å ta del i. I tillegg føreligg det planar (som ikkje enno er vedtatt i regjering) for transportkorridoren aust-vest som kan innebere store konsekvensar og trong for tilpassingar i kommunen vår.

Visjonen «bynært bygdeliv» er visjonen frå gjeldande kommuneplan.

# Høringsutkast

Vaksdal kommune er eit samfunn som er kjenneteikna av nærleik, samhald, omsorg og dugnadsånd. Vi har eit samfunn der vi på ein positiv måte bryr oss om kvarandre. Lokal identitet gjennom mangfald, knytt til landskap, kultur, historie og næringsliv er og skal vere viktige berebjelkar i lokalsamfunnet. I ein grisgrendt kommune som vår, med fleire små bygdesenter, må ein god del service og tenester hentast frå byen; Bergen og Voss. Å vera bynært ser vi som ein føremon. I Vaksdal kommune vil vi ta vare på, og utvikla det gode med bygda, samstundes som vi nyttar oss av dei moglegeheitene byen gjev.

Strategien skissert i figur 4 er henta frå oppsummeringa frå prosessen med utarbeiding av strategisk plan for samfunnsutvikling/næringsutvikling (Analyse&Strategi, 2013).



Figur 4

Ut frå den oppsummeringa Analyse&Strategi utarbeidde etter prosessen med utarbeide strategisk plan for samfunnsutvikling/næringsutvikling i 2013 syner dette at gjeldande visjonen kan vere eit godt grunnlag for samfunnsutviklinga i kommunen i komande planperiode også. Det er likevel grunn til å konkretisere mål og ambisjonsnivå for neste planperiode. I kommuneplanprosessen må dette vurderast og konkretiserast.

*Er visjonen «bynært bygdeliv» ein overordna strategi for samfunnsutviklinga som kan gjelde også for komande planperiode?*

Dersom verdsettet som er forankra i Vaksdal om «bynært bygdeliv» skal vidareførast i all kommunal planlegging; *Korleis skal Vaksdal kommune klare å oppfylle målet om å innfri dette?*

Hausten 2014 har kommunen gjennomført overordna ROS-analysar for hendingar som på ulike vis har konsekvensar for samfunnet vårt. Desse er analysert og rangert. Hendinga som framkom som mest belastande for kommunen og innbyggjarane (i kombinasjonen sannsynlegheit og konsekvens) var alvorleg trafikkulykke. Sett i samanheng med ulykkesfrekvensen, spesielt på E16 men også Fv 569 vil trafiksikkerheit vere tema, og kopla til folkehelse.

Desse utfordringane Vaksdal bør ha fokus på i komande planperiode kan oppsummerast i ei av målsettingane i den statlege planretningslinja for samordna bustad- areal og transportplanlegging:

## Høyringsutkast

---

*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

### **3.4.4 Framtidig kommunestruktur**

Framtidig endring i kommunestruktur er eit aktuelt og uavklara spørsmål. Dette handlar om kommunesamanslåingar for å skape større og meir robuste kommunar. For nokre kommunar vil det vere få alternativ og/eller konsensus om framtidig struktur. For andre kommunar vil det vere mange alternative løysingar, som vil krevje ein god prosess som det vil vere viktig å bruke tid og ressursar på. Slik er det for Vaksdal kommune. Med 7-8 ulike alternativ er dette ein utfordrande prosess med mange ulike aktørar.

Denne prosessen vil ha ulike faser; Sonderingsfasen, utgreiingsfasen, debattfasen, gjennomføringsfasen og driftsfasen. Kommunestyret tek avgjersler etter kvar fase og gjev oppdrag for neste fase. I januar/februar 2015 er denne fasen i sonderingsfasen. Dette er den første fasen og tida der det blir klarlagt kva for samanslåingsalternativ ein ynskjer å greie ut og sjå nærare på. Rettleiaren for kommunesamanslåing viser til at kommunestyret lyt fatte vedtak både om kva for alternativ som skal greiast ut, og kva som skal vere utgreiinga sitt innhald.

Proessen og vedtak som vert fatta i kommunestyre om dette vil gje signal som kan påverke innhald og omfang i denne rulleringa av kommuneplanen.

### **3.4.5 Økonomi**

Politiske prioriteringar har økonomiske konsekvensar både på kort og lang sikt. Dei økonomiske verknadene av ulike løysingar bør framkome og innarbeidast i handlingsdelen. Planen må vere økonomisk realistisk.

## 4 Kommuneplanen – prioriterte plantema i komande planperiode

Kommuneplanen skal reviderast kvart 4. år. Dette inneber at tema kan vidareførast uendra, nye tema kan takast opp og tema kan utgå. At tema utgår betyr ikkje at dei utgår frå kommunen sitt satsingsområde, men gjenspeglar ofte at team er følgt opp i kommunedelplanar eller temaplanar. Det er viktig at kommuneplanen ikkje vert for omfattande, men tek for seg dei tema som skal løftast spesielt i planperioden.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga, saman med omsyn til barn og unges oppvekstvilkår og estetiske utforming av omgjevningane, jf. Plan- og bygningsloven §1-1 fjerde ledd. Det same gjeld for folkehelseperspektivet. Dette vert ivareteke innanfor kvart tema.

Eit viktig prinsipp i ny plan- og bygningslova er at det skal vere sterkare kopling mellom samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen skal gje føringar for kommuneplanens arealdel, for eksempel når det gjeld folketalsutvikling, arealstrategi og utbyggingsmønster.

Kommunen sin visjon «bynært bygdelig» vil vere «paraplyen» for plantema, der folketalsutvikling, bustadutvikling, næringsutvikling og transport vil verte sett i samanheng.

### Arealstrategi

Arealdelen skal vere eit kartmessig bilete av dei prioriteringar og satsingar som er gjort i samfunnsdelen. Samstundes vil kommunen sine arealressursar og infrastruktur påverke høve til utvikling i samfunnsdelen. Det er derfor naturleg at ei rullering av arealplanen vert starta opp i løpet av 2015.

Arealplanen må vurdere nye områder til bustader, næring og særleg offentleg føremål. Kulturminne, grønstruktur, landbruks-, natur og friluftsområde er også viktig å sikre gjennom ein overordna plan. Vurderingar av arealbruken vil ha eit heilskapleg fokus der ein både ser på nye innspel og tidlegare vedtekne, ikkje utbygde areal. På denne måten kan ein vurdere om kva areal som skal oppretthaldast, om det er naudsynt å ta ut enkelte areal, samt kva og kor ein bør tilføre nye.

For område langs vassdrag som har verknad for natur-, kulturmiljø- og friluftsiinteresser, skal kommunen i kommuneplanens arealdel vurdere å fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte tiltak ikkje skal vere tillatne, jf. pbl. § 1-8 femte ledd. Ny utbygging skal styrast til trygge område, og NVE si retningsline 2/2011 «Flaum og skredfare i arealplanar» er retningsgjevande med omsyn til flaum, erosjon og skred. ROS-analysar og eventuelt vurderingar for omsynssoner skal gjennomførast for nye utbyggingsområde.

Kommuneplanen vil definere senterstruktur og lokalisere funksjoner innafor sørvis og handel etter senternivå, for å skape gode rammer for senter der det er attraktivt å være, bu og drive næring.

I samfunnsdelen vil kvart tema bli delt opp slik:

**Status** – korleis er situasjonen per i dag?

**Utfordringar** – kva er dei største utfordringane i den neste planperioden? Kva hastar mest å kome i gang med? Kva bør prioriterast?



# Høyringsutkast

---

**Strategiar** – Kva ønskjer kommunen å gjere for å svare på utfordringane? Her bør ein vere så konkret og realistisk som mogeleg, og konkretisere ein arealstrategi.

Føremålet med planprogrammet er å synleggjere kva tema og hovedutfordringar som skal diskuterast i planen. Strategiar for å møte utfordringane blir ein viktig del av sjølve kommuneplanen. Arealdelen – vil verte utarbeidd etter dei arealstrategiane som vert utforma i prosessen og komplettert med føresegner.

## Tema 1 Folketalsutvikling

Dei siste åra har folketalet i kommunen vore stabilt. Prognose for 2025 syner at folketalet i kommunen vil auke med om lag 300 personar, og denne veksten er forventa i områda Vaksdal, Stanghelle og Dale.

UTFORDRING: Som utkantkommune til Bergen vil arealpress sentralt gje vekst også i Vaksdal. Gjennom tilrettelegging kan kommunen ha ein offensiv strategi for å imøtekome ynskje om vekst og utvikling.

- *Skal me ha ein offensiv haldning og ha høgare mål?*
- *Korleis skal me i så fall tilretteleggje for dette?*
- *Korleis skal ein ta vare på det beste frå Vaksdals-identiteten samstundes som ein handterer ein sterk folkevekst?*
- *Korleis kan kommunen utnytte potensiale for pendling mot Voss og Bergen?*

## Tema 2 Bustadutvikling

Bustadutviklinga må dimensjonere etter målsettinga for folketalsutvikling. Bukvalitet kan vere eit fokusområde, og fortetting i sentrumsnære område og ved kollektivknutepunkt er nasjonale målsetjingar. *Korleis kan me strategisk nytte oss av dette og tilretteleggje?*

### UTFORDRING

Den sterke regionale veksten for folketal og næring stiller store krav til styring av utviklinga. Skal ein lukkast i å skapte gode bumiljø med inkluderande samfunn og rom for mangfald og individuelle løysingar, krev det godt forankra utviklingsstrategiar, med brei tilslutning administrativt og politisk.

Tilgang på byggeklare tomter er ein føresetnad for vekst. Det betyr også at ein til ei viss grad kan redusere veksten gjennom arealdisponering. Kva bustadpolitikk ein vel vil såleis bli svært avgjerande for utviklinga framover. Ønska bustadpolitikk må forankrast i arealstrategien.

- *Bustadområde – nye eller fortetting?*
- *Type bustader – einbustader, rekkjer, leiligheiter. Eldrebustader?*
- *Kommunal infrastruktur – utbyggingsavtalar, private?*
- *Bustader for folk i lokal næring eller for pendling?*

## Tema 3 Næringsutvikling

Historisk har kommunen hatt hjørnesteinsbedrifter som bærande element. Samfunnsutviklinga inneber at våre tradisjonelle næringsmåtar vert «utflagga», og det er behov for å finne nye

## Høyringsutkast

---

næringsvegar og måtar å arbeide på. I regional målestokk har utviklinga vore sterk i kystområda i Bergensområda, hovudsakleg knytt til oljerelatert næring. Dette har ført til stor vekst og arealpress i ytre del av fylket. Det er grunn til å tru at denne utviklinga ikkje vil fortsetje, og for Vaksdal kommune er det viktig å sjå på alternative strategiar og mogelegheiter dette inneber for å by på seg sjølv, vere endringsvillig og tiltrekke seg vekst og utvikling. *Korleis kan me tilretteleggje for å tiltrekke oss næringsverksemdar? Korleis skal kommunen utvikle lokal næring?*

### UTFORDRING

Den største utfordringa er å skape entusiasme og framtidstru slik at kommunen er attraktiv for næringsutviklarar og gründerar som ønskjer å vidareutvikle eller etablere ny næring i kommunen, og slik trekke kompetanse, kapital og investeringsvilje til kommunen. Likeeins er det viktig korleis kommunen kan utnytte potensiale for pendling. I planperioden kan det også kome samferdsleprosjekt (stort; Mega) som vil gje store ringverknader for svært mange næringsområde. *Korleis skal me innrette oss slik at verdiskapinga vert i kommunen?*

Tema som kan diskuterast i plan er:

- Regional næringsutvikling – innovasjon
- Ny næring
- Etablert og tradisjonell næring
- Industriområde
- Kunnskap, kompetanse og utdanning
- Ressursutnytting – steinknusing? Muringsstein? Massedeponi?

Kommuneplanen vil avklare samanhengen mot andre planar for næringsutvikling.

### Tema 4 Samferdsle

Det er ein pågåande KVVU prosess både for alternative løysingar for E16/Jernbane for strekninga Voss-Arna. Det er også ein pågåande KVVU-prosess for alternative løysingar og lokalisering av logistikknutepunkt i Bergensområdet. Transportkorridoren Aust-Vest er ei viktig nasjonal satsing, og den vil truleg passere gjennom Vaksdal kommune. Dette vil truleg innebere at kommunen sine lokale interesser til dels kan verte tilsidesett i ein del samanhengar, og det er viktig for kommunen å ha alternative strategiar for å tilpasse seg dei planmessige utfordringane dette vil skape, både for samfunnsutvikling generelt og for disponering av areal og ressursgrunnlag.

### UTFORDRING:

For komande planperiode vil særleg vedtak i samband med KVVU Voss-Arna vere vesentleg for samfunnsutviklinga i Vaksdal. Det kan verte gjort vedtak i regjeringa som vil påverke kommunen sin rullering av kommuneplanen, både for samfunnsdelen og arealdelen. Det er viktig at kommunen har eit robust plangrunnlag for å møte denne utviklinga. Ny trase kan bandleggje areal med bustader og næringsverksemd, og det kan verte trong for relokalisering. Store samferdsleprosjekt vil vere ei belastning, og spesielt midlertidige belastningar kan opplevast store og inngripande. Riggområde og anleggstrafikk er arealkrevjande og kan vere støyande. Det kan verte trong for midlertidige og permanente massedeponi, og robuste planar kan gje positiv bruk av steinmassar.

*Korleis kan me tilpasse oss endringane lokalsamfunnet vil oppleve som følgje av nasjonale og regionale behov for ny transportkorridor?*

# Høyringsutkast

---

KVU Voss-Arna er foreløpig innstilt med satsing frå Statens vegvesen og Jernbaneverket for konsept K5, som inneber parallelle trasear for ny E16 og dobbeltspora jernbane, med stasjonar på Vaksdal, Stanghelle og Dale.

*Korleis skal Vaksdal førebu seg på dei endringane dette vil føre med seg, slik at Vaksdal utviklar seg på ein berekraftig måte?*

Strategi&Analyse, 2013 føreslår jernbane som «bybane» og grunnlag for tilflytting/pendling byggjer opp under trong for tettstadutvikling. Fokusområde bukvalitet, tilrettelagt pendling og lett tilgang til naturkvalitetar.

*Vaksdal kommune «bybanekonsept» - Dale-skyttelen?*

Trafikksikkerheitsarbeid i kommunen vil vere prioritert i planperioden, og kommunen vil arbeide for å verte del av godkjenningsordninga trafikksikker kommune som er forvalta av Trygg Trafikk. Det er viktig at det også vert sett fokus på trafikksikker skuleveg, samt tilrettelegging for ein attraktiv og effektiv kollektivtransport.

*Korleis kan kommunen engasjere og involvere innbyggjarane til eit løft på tvers av ulike fagområder, næring, alder, sosiale ulikskapar, miljø/grupper og skape eit felles løft?*

Tema som kan diskuterast i plan er:

- Lokal infrastruktur
- Massehandtering og massedeponi
- Trong for byggjeråstoff som pukk og grus
- Råstoffutvinning og vern
- Kollektivtransport og knutepunkt
- Mjuke trafikantar og gang- /sykkelveg
- Parkering/pendlarparkering
- Engasjement innan trafikksikkerheitsarbeid

## Presisering og avgrensing

Det er arealdelen av kommuneplanen som er juridisk bindande. Endringar i lovverk som inneber krav til endringar i arealdelen av kommuneplanen vil verte innført. Dette kan til dømes gjelde omsynssoner for skred og flaum. Det vil gjelde lovpålagte krav fram til ny arealplan vert vedteken.

Planprogrammet argumenterer for å utelate tema frå tenesteområde helse og omsorg og oppvekst, fordi desse har eigne kommunedelplanar under arbeid eller nyleg vedtatt.

Temaplan for kultur (idrett, kultur og friluftsliv) er under arbeid, og vert difor utelate i denne rulleringa.

Landbruk som næringstema vil verte handsama i eigen plan. Større tiltak som inneber endringar i arealdelen kan likevel verte vurdert om dei er realistisk realiserbare innan 4 år. Kjerneområde for landbruk vil verte del av revidert arealplan.

## Høyringsutkast

---

Vekst og utvikling i kommunen vil dei næraste åra kome i bynære strøk, frå Sandvik til Dalseid. Det er viktig at hovudfokuset for utviklinga innan dei 3 hovudsatsingsområda vert konsentrert om desse areala, slik at plangrunnlaget er tilpassa framtida.

Ny utbygging av småkraftverk vert ikkje handsama i rullering av kommuneplanen.

### Usikkerheit

Til grunnlagsmateriale som seier noko om forventa vekst og utvikling vil det alltid vere knytt usikkerheit. Difor oppgjer ofte SSB og andre (til dømes AUD) som utarbeider statistikkar og framtidsscenarier utvikling som eit intervall. Til dømes vil forventa folketalsutvikling vere utarbeidd som både høgt og lågt anslag i tillegg til forventa utvikling. Til planarbeid med langt tidshorisont vil det difor naturleg vere knytt usikkerheit, som også vil vere knytt til andre tema, faktorar og satsingsområde i samfunnsutviklinga.

## 5 Utgreiingsbehov

Statistikk og grunnlagsdokument

Alternative utviklingsmogelegheiter for næringsutvikling, folketalsutvikling og samferdsle. Oppstarta mogelegheitsstudie for kommunane Vaksdal og Voss i samband med KVU Voss-Arna kan gje fleire alternative grunnlag for utvikling.

For å kunne legge langsiktige og framtidretta strategiar for til dømes bustadutvikling og næring kan det vere tenleg å utarbeide ein behovsanalyse. Med ein behovsanalyse og vareoppteljing vil ein ha eit grunnlag for å planlegge nye, og eventuelt avdekke behovet for å transformere eksisterande område. Slik planlegging kan også avdekke moglege synergieffektar eller uheldige samlokaliseringar.

For å sikre at nye byggjeområde og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane kan det utarbeidast ein landskapsanalyse. Då kan ein først kunne avklare landskapsverdiane for så å peike ut alternative utviklingsretningar og arealstrategiar.

Alle planar etter plan- og bygningslova skal bidra til å fremje folkehelsa og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl. § 3-1. Eit folkehelseoversyn, som syner helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som påverkar denne, som kunnskapsgrunnlag for kommunen si samfunnsplanlegging er viktig. Jamfør folkehelselova kap. 2, §§ 4 og 5.

Det vil vere trong for å utgreie kommunen sitt ansvar og ynskje i samband med busetjing for flyktingar.

## Konsekvensutgreiingar

Konsekvensutgreiingar må tilpassast plannivå. Dersom utgreiingar i prosessen syner at mål og status på konsekvensområde inneber tilpassingar til plannivået, kan endra innfallsvinkel til enkelte tema vere nødvendig også etter at planprogrammet er fastsett.

Konsekvensutgreiingar på overordna nivå medfører naturleg at usikkerheita er større enn ved detaljplanlegging. Tiltaksnivået vil styre dette, og det kan vere naturleg å orientere samarbeid/medverknad meir mot konflikt enn konsekvens, slik at ikkje planarbeidet «druknar» i detaljar. Dette inneber at viktigheita av ein konsekvens kan verte overført til lågare plannivå, til dømes til reguleringsplanar. Verknadane av *samla belastning* vil også vere aktuelt, jamfør naturmangfaldloven §10.

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen vil det naturleg følgje endringar i arealdelen av kommuneplanen, og areal som eventuelt vert omdisponert til utbygging må underleggast krava i plan- og bygningslova (kap. 14) til konsekvensutgreiingar.

I ROS-arbeidet vil kommunen nytte akseptkriterier som er definert i lov- og forskriftsverk der dette er fastsett. For dei områda der det ikkje er fastsett akseptkriterie vil kommunen ta stilling til kva risikoprofil ein ynskjer å ha. ROS-analysen vil mellom anna vere grunnlag for å definere kva areal som er eigna for framtidig utbygging.

Konsekvensanalysar og verdivurderingar som vert utført i planarbeidet framgår av vedlegg . Det vil også verte utarbeidd ei samanfatning av samla konsekvens av planframlegget.



## 6. Framdrift, milepælplan

Milepælplan for rullering av kommuneplanen																					
Prosess/tid	2015				2016																
	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	
Utarbeide planprogram																					
planframlegg planprogram																					
Offentleg høyring			medverknad																		
Ev. bearbeiding																					
Vedtak planprogram																					
Kunngjering																					
Utarbeiding av kommuneplan																					
Folkemøter, ope kontor mm.																					
Planforum																					
KOM planframlegg kommuneplan																					
Offentleg høyring kommuneplan																					
Vedtatt kommuneplan																					
Kunngjering																					

Prosess- og framdriftsplan vil verta revidert i høringsperioden av planprogrammet. Det er også viktig å konkretisere ambisjonsnivå.

## 7. Adresseliste og kunngjering

Kunngjering i Vaksdalposten 19. februar 2015

Følgjande har fått tilsendt høyringsutkastet til planprogram 18. februar 2015:

BKK Nett AS  
NVE  
ROM eigedom  
ROM  
Telenor Networks Engineering  
DIRMIN  
Kystverket  
Fiskeridirektoratet  
Eldrerådet i Vaksdal  
Rådet for funksjonshemma i Vaksdal  
Kyrkjeleg Fellesråd  
Vaksdal næringssselskap  
Barne/ungdomsrepresentant i Vaksdal v/Ann Therese Stamnesfet  
Voss kommune  
Osterøy kommune  
Samnanger kommune  
Vik kommune  
Kvam kommune  
Modalen kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest  
Fiskeridirektoratet  
Statens vegvesen Region Vest  
Jernbaneverket Region Vest  
Avinor  
Bergen og Omland friluftsråd  
Bergen og Omland havnevesen  
Forsvarsbygg  
NSB AS  
Skyss  
Hordaland politidistrikt  
MERKUR-programmet  
Naturvernforbundet Hordaland  
Husbanken region Vest  
Coop Hordaland v/ Roald Valestrand, eiendomssjef  
ICA Norge  
NorgesGruppen  
Bergen Næringsråd  
Business Region Bergen  
Næringsalliansen i Hordaland



## Høyringsutkast

---

Osterfjord Nærings samarbeid  
Vest næringsråd  
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag  
Hordaland Bondelag  
Vaksdal Nærings selskap  
Voss Nærings hage  
Bergen Reiselivslag  
Det felles innvandrerrådet i Hordaland  
Hordaland barne- og ungdomsråd  
Natur og Ungdom Hordaland  
Naturvernforbundet Hordaland  
Bergen Turlag  
Bygdaråd Eksingedalen v/ Liv Anne Bergo  
Stanghelle og Helle vellag v/Roger Sandvik  
Stavenes velforening v/ Oliver Klose  
Sandvik Bustadfelt Velforening  
Vaksdal Vel  
Vaksdal/Modalen skogeigarlag v/Asbjørn Øye Skjerve  
Bergsdalen Jordbrukslag v/ Dan Berge  
Dale/Vaksdal grunneigarlag v/ Jørn Helle  
Stamnes grunneigarlag v/ Oddbjørn Hesjedal  
Øvre Eksingedalen grunneigarlag v/ Trygve Nilsen  
Nedre Eksingedalen grunneigarlag v/ Geir Ove Carlsen  
Stanghelle båtforrening v/ Hans Ove Strømmen  
Eksingedalen/Vaksdal bondelag v/ Magnar Nese

## 8. Vedlegg

### Vedlegg 1 – rettleiar for innspel til kommuneplanen

I samband med utlegging av planprogrammet startar også moglegheitene for å kome med innspel til ny arealbruk. Det er viktig for kommunen å få eit godt grep om slike forslag. Det er også eit krav at innspel til utbygging/ending i arealbruk skal konsekvensutgreiast før dei eventuelt blir lagt til rette for i kommuneplanen. Dess meir kunnskap kommunen har om dei ulike områda, jo lettare er det å ta ei avgjerd om endra arealbruk. Vaksdal kommune ber difor om at forslagsstillar bidrar med mest mogeleg informasjon sjølve. Dette gjeld både bakgrunn for tiltaket, tiltaket i seg sjølv og til slutt kva slags konsekvensar dette gjev.

Til hjelp i dette arbeidet legg kommunen med ein mal og sjekklister med oversyn over dei vanlegaste verdivurderingane/konsekvensane frå tiltak. Det kan vere tiltak som vil krevje ytterlegare konsekvensutgreiing. Skjemaet bør også supplerast med ei generell skildring av tiltaket og ei oppsummerande vurdering.

Innspel må vere fremja innanfor fristar som vert kunngjort for planprogrammet.

## Skjema:

Område:	
NB; legg ved kart som viser aktuelt område, gjerne også foto	
Dagens arealføremål	
Foreslått nytt arealføremål	
Arealstorleik, inkludert dyrkbar jord	
Skildring av arealet	
Forslagsstillar	

## Verdivurdering og konsekvensutgreiing av nye tiltak i kommuneplanen

Verdivurdering:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald				
Friluftsliv/reiseliv				
Kulturminne og kulturmiljø				
Landskap				
Landbruk				

# Høyringsutkast

Konsekvensvurdering:

Tema	Data-grunnlag	Verknad	Avbøtande tiltak/plankrav	Merknad
Klima				
Ekstremvær				
Vind				
Flaum				
Grunnforhold				
Skred				
Eksplisivlager				
Olje/gass-lager				
Transport av farleg gods				
Brannfareområde				
Energi				
El- leveranse				
Telenett				
Barn og unge				
Skule/barnehage				
Gange/sykkel				
Kollektivtrafikk				
Institusjonar				
Kulturminne				
Natur og kulturlandskap				
Verneverdiar vassdrag				
Friluftsliv				
Landbruk				
Mineralressursar				
Veg og jernbane				
Trafikktryggleik				
Universell utforming				
Folkehelse				
Føureining				
Område for totalforsvar				
Damanlegg				
Flyaktivitet				
Vassforsyning				
Politi, brann, ambulanse, lege				
Sivilforsvaret m. fl.				
Kommuneale tenester/ økonomi				
Næringsutvikling				
Senterutvikling				

## Sjekkliste for nye tiltak i kommuneplanen 2015-2026

### 1. Natur

#### 1.1 Ekstremvær(nedbør)

- Ved ekstremvær (mykje nedbør på kort / over lengre tid), er det fare for at tiltaket kan bli påverka av elvar og bekkar ?
- Vil tiltaket vera med på å auka faren for flaumskadar i nærområdet og for utgliding av jordmassar?
- Krev tiltaket at ein konsulterer geolog?

#### 1.2 Vind

- Vil tiltaket medføra at utbyggingsområdet eller nærområda vert meir utsett for vindpåverking?

#### 1.3 Flaum

- Vil tiltaket medføra fare for flaum?
- Er det flaumsonekart for området med aktuelt tiltak?
- Vert det nødvendig med oppdatering av eksisterande flaumsonekart?

#### 1.4 Grunnforhold

- Er tiltaket tenkt gjennomført i område med leire/kvikkleire- el. «dårlege» massar? Vil tiltaket i så fall vera i eit område som kan rasa ut?
- Bør ein i forkant av tiltaket ha vore i kontakt med geolog?
- Er det behov for radon måling før ein tillet bygging innan tiltaksgrensene?

#### 1.5 Skred

- Vil tiltaket medføra ein auka fare for skred (stein-, jord- eller snøskred) i området?
- Har ein sjekka tiltaket opp mot skredkart frå NGU?
- Er det behov for at geolog vurderer tiltaket ?

### 2. Verksemder

#### 2.1 Eksplosivlager

- Vil tiltaket komma inn i områder der det er eksisterande eksplosivlager?

#### 2.2 Olje- / gassanlegg

# Høyringsutkast

---

- Vil tiltaket komma i konflikt med områder som er sett av til deponi / lager av oljeprodukt, petroleumsprodukt eller gass?

- Vil tiltaket medføre ein auka fare for utslepp av olje, petroleum eller gass?

## 2.3 Transport av farleg gods

- Vil tiltaket kunne medføre ein større sannsynlegheit for uhell med transport av farleg gods på veg eller jernbane?

- Vil tiltaket auka konsekvensane ved eit uhell med transport av farleg gods (mtp. liv / helse, miljø eller økonomi)?

## 2.4 Brannfareområde

- Vil tiltaket medføre ein auka brannfare / brannspreiing?

- Har tiltaket tilrettelagt for tilkomstvegar for brannvesen samt sløkkevatn til dei?

## 2.5 EI-leverandør

- Krev tiltaket store endringar i kraftforsyningsnettet?

- Er det fare for at eventuelle personar i tiltaksområde vert påverka av EMS<sup>1</sup>?

<sup>1</sup>Elektromagnetisk stålning, stråling frå kraftleidningar i luft eller bakke

<sup>2</sup>Her må ein ta omsyn til både fast huselefon og mobiltelefon

## 2.6 Telenett

- Krev tiltaket store utbyggingar innan telenettet<sup>2</sup>?

## 2.7 Skular / barnehagar

- Vil tiltaket komma i konflikt med skulevegar?

- Er trafikktryggleiken ivaretatt ?

- Vert uteområda til skulane / barnehagane verta råka av tiltaket?

- Vil tiltaket kunne medføre at ein får konflikt mellom industri og skule / barnehage?

- Har tiltaket lagt naudsynt vekt på universell utforming ?

## 2.8 Institusjonar

- Vil tiltaket kunne medføre uheldige konsekvensar for institusjonane i kommunen?

## 3. Objekt

### 3.1 Kulturminne

- vil tiltaket få konsekvensar for registrerte kultur- og fornminne?
- er det trong for nærare undersøkingar

### 3.2 Natur og kulturlandskap

- vil tiltaket medføra vesentlege endringar i landskapsbiletet (gjeld og tettstader)?
- vil større "urørte" naturområde bli påverka?
- vil tiltaket medføra bruksendring av areal?
- er det utarbeida forslag til avbøtande tiltak?
- er alternative løysingar vurdert?

*Verna område / spesielle naturfaglege område eller førekomstar:*

- vil tiltaket få konsekvensar for verna område eller andre spesielle geologiske, botaniske eller Zoologiske førekomstar?

*Biologisk mangfald:*

- vil tiltaket kunne få konsekvensar for ulike plante-, fugle- eller dyreartar ?
- vil tiltaket få konsekvensar for fisk ?

*Vassdrag, strandsone:*

- vil tiltaket medføra inngrep eller ureining i vassdraget eller strandsone.
- vil tiltaket medføra auka erosjon eller flaumfare?
- vil tiltaket medføra bruksendring?
- er tiltaket i samsvar med vassplanar i kommunen?
- vil tiltaket påverka kvaliteten på badevatn?

*Naturressursar:*

- medfører tiltaket at naturressursar (mineral og miljøressursar) får ein kvalitetstilpassa, og miljømessig forsvarleg bruk ?

### 3.3 Friluftsliv

## Høyringsutkast

---

- vil tiltaket ha konsekvensar for tilgang og kvalitet på ulike friluftsliv-aktivitetar (turveggar, badeplassar, utøving av jakt og fiske o.s.v.)?

- vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på folkehelsa?

*Nærmiljø, leik og friområde:*

- vil grøntområde eller tilkomst til grøntområde i bu- eller skulemiljø bli redusert eller få redusert kvalitet?

- vil tiltaket medføre bruksendring av areal?

- er tiltaket i samsvar med rikspolitiske retningslinjer for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga?

- har tiltaket lagt naudsynt vekt på universell utforming ?

- vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på helsa?

### **3.4 Landbruk**

- vil dyrka mark endra planstatus ?

- vil innmarksbeite el utmarksbeite endre planstatus ?

- vil skogbruksareal endra planstatus ?

- vil endra planstatus medføre driftsulemper for landbruket ?

- vil endra planstatus påverke landbruket sine moglegheiter til næringsutvikling ?

### **3.5 Veg og jernbane**

- vil ny eller utvida arealbruk medføre auka trong for tilkomst på det eksisterande offentlige vegnettet eller auka bruk av eksisterande planovergang med jernbanen ?

- vil ny eller utvida arealbruk langs jernbanen medføre driftsproblem eller hindre vidare utvikling av denne ?

### **3.6 Trafikktryggleik**

- Vil tiltaket medføre auka fare for trafikkulukker ?

### **3.7 Forureining**

*Luft:*

- vil tiltaket ha konsekvensar for luftkvalitet (auka utslepp av miljøskadelege gassar, støv)?

- vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på helsa?



# Høyringsutkast

---

## *Støy:*

- vil tiltaket medføre periodevis eller konstant auka støy?
- vil gjeldande grenseverdier for støy verta overhaldne?
- vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på helsa?

## *Utslepp:*

- vil tiltaket medføre utslepp av miljøskadelege stoff til luft, jord eller vassdrag?
- vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på helsa?

## *Stråling, elektromagnetiske felt:*

- vil tiltaket medføre helseskadelege tilhøve i form av radioaktiv stråling, radon?
- vil tiltaket kunne medføre helseskadelege tilhøve ved at det oppstår elektromagnetiske felt (kraftleidningar)?

## *Avfall:*

- vil tiltaket medføre at det oppstår avfall og vil dette verta handtert etter gjeldande lover og forskrifter?

## *Transportarbeid:*

- vil tiltaket medføre auka transportarbeid?
- kan deler av transportarbeidet overførast til kollektiv transport eller gang- og sykkelvegtransport?
- er tiltaket i samsvar med rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging?

## **3.8 Område / objekt som er særleg viktig for totalforsvaret**

- vil tiltaket medføre konsekvensar for interessene til totalforsvaret?
- er det trong for dialog med totalforsvaret?

## *4. Infrastruktur*

### **4.1 Damanlegg**

- Vil tiltaket få innverknad på regulerte dammar og vassdrag?
- Vil regulerte vassdrag sette rammer for tiltaket?

### **4.2 Flyaktivitet**

# Høyringsutkast

---

- Vil tiltaket få innverknaden på aktiviteten for flyging?

## **4.3 Veg**

- Vil tiltaket føre til at eksisterande avkøyrslar, gang- og sykkelveggar eller bilveggar vert meir ulykkesutsett ?

Vil tiltaket vere tilknytt Fv569 med tilhøyrande vernestatus?

Bør «Rammeplan for avkøyrslar» leggjast til grunn og bindast opp som ein del av planføresegnene?

- Er det tilrettelagt for gode stiar el. gang og sykkelveggar frå utbyggingsområdet og til tilgrensande areal ?

-Er lokalisering ei utfordring i høve støv, støy og/eller andre miljømessige ulemper?

Tilrettelagt for kollektivtransport?

## **4.5 Jernbane**

- Medfører tiltaket bruk av eksisterande planovergang og kva følgjer får dette ?

- Ligg tiltaket nær jernbane og bør det settast krav om reguleringsplan for å vurdere ev. konsekvensar ?

## **4.6 Vassforsyning**

- Vil tiltaket medføre ein auka sannsynlegheit for forureining i drikkevasskjeldene?

- Vil tiltaket ha konsekvensar for drikkevatt (grunnavatt, overflatevatt eller private brønnar)?

- Vil gjeldande grenseverdier for drikkevatt verte overhalde ?

## *5. Ressursar*

### **5.1 Politi / brann / ambulanse / lege**

- Vil tiltaket medføre at utrykningsetatane må endra sine prosedyrar for innsats og mannskapsstyrke?

### **5.2 Sivilforsvar / røde kors / mfl.**

- Vil tiltaket medføre meiroppgåver til desse ressursgruppene?

### **5.3 Kommunale tenester / økonomi**

- Vil tiltaket medføre auka trong for kommunale tenester og økonomi